



Alver kommune v/Plan og byggesak  
Kjartan Medaas  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/127 - 22/10640

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
05.02.2022

## Uttale frå landbruk til søknad om dispensasjon frå LNF formål - hyttetomt gbnr 351/13 Landsvik

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av grunneigedom (frådeling) som skal nyttast til oppføring av fritidsbustad. Omsøkte parsell er oppgjeve til å vera om lag 1200 m<sup>2</sup>.

Parsellen ligg ved 3 tidlegare frådelte fritidstomtar i utkanten av etablert hytteområde sett av til fritidsbustad i KDP. Gardskart syner at arealet er registrert som produktiv skog.



Gbnr 351/13 utgjer ei driftseining saman med 351/17 og har totalt 184 daa.

Det omsøkte arealet ligg mellom veg og tidlegare frådelte tomter. For å driva effektiv skogbruk er ein avhengig av store samanhengande areal som ikkje er infiltrert av bygging eller andre ting. Det

omsøkte arealet ligg inneklemt til, noko som gjer at det eignar seg dårleg til anna vedaskog. Det kan difor vera vanskeleg å argumentera for at dette er ei viktig skogsområde på bruket.

Dersom det vert gitt dispensasjon frå LNF-føremålet vil det vera naudsynt med handsaming etter jordlova før det vert gitt delingsløyve.

Utlekking av hyttefelt er noko som bør avklarast i overordna arealplan og det er uheldig at det skjer gjennom enkeltsaker. Sjølv om det ligg mange hytter i området vil det vera ei føremon at tomtedeling, infrastruktur m.m vart sett i samanheng for dette området, og då vil utbygging av hytteområde sine konsekvensane for omkringliggande landbruksareal vera ein del av denne vurderinga.

Landbruksavdelinga vil rå frå at det vert gitt dispensasjon, men at sækjar vert opplyst om mulighet til å gje innspel til arealdelen av kommuneplanen som startar opp til sommaren.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune v/Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG